



KVINNHERAD KOMMUNE SEKTOR TEKNIKK OG MILJØ

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Rune Helland	91 65 79 70	2024/314-5		13.03.2024

Til uttale: Endring etter forenkla prosess -Hansalio - del av 24/4 - Sandvoll PlanID 461719980009

Det skal gjerast endringar på planID 461719980009 med heimel i plan og bygningsloven §12-14, 2. ledd. Endringane vil vere naudsynt for gjennomføringa av planen, og vil såleis ikkje påverke gjennomføringa negativt. Den går ikkje ut over planens hovedrammar, og rører ikkje ved omsynet til viktige natur og friluftsområder. Endringane omfattar:

- Det er vist ny tilkomst frå sør. Veglina er noko endra
- Tilkost mot nord er vist sperra. I denne enden av vegen er det lagt inn snuhammar.
- Tomtedeling frå planendringa i 2007 er innarbeida
- Alle tomter har fått byggegrense teikna inn
- Felles parkeringsplass har fått endra form. Det er lagt inn felt for kjeldesortering i bakkant av denne
- Det er teikna inn byggegrenser for flytebryggar. To i forbindelse med hyttenausta, kor den eine er eksisterande. Og eit anlegg ved regulert kai. Byggegrensane gjer det mogeleg å setja opp flytebrygger og overstyrer med det kommuneplanen. Dei viste grensane viser eit mindre anlegg enn det som var vist i det analoge plankartet frå 2007.
- Omsynssoner rundt høgspenkablar er teke bort, då kablane er borte.
- Adkomst for gåande til badeplass og tilhøyrande friområde er flytta mot nord, då opparbeiding i sør ikkje er mogeleg grunna terrenginngrep som blei gjort ved etableringa av reinseanlegget
- Murar som blei satt opp når reinseanlegget blei bygd er teikna inn i planen
- Alle arealføremål er oppdatert etter nye teiknereglar og heimla i plan og bygningsloven av 2008
- Grunna endra reglar om utnytting i endringsvedtaket frå 2007 er felte for fritidsbustader delt opp noko ansleis. Alle tomter som tillet fleir enn ein eining ligg

- innføre eit felt med beteikninga fritisbustader- konsentrert. Og det som i eldre plan vart kalla hyttenaust er regulert som fritidsbustader- konsentrert.
- Då endringane i plankartet omfattar heile planen, er det utarbeid nye føresegner med heimlar i plan og bygningsloven av 2008.

Nærare om endringar og grunngjeving i vedlagt saksdokument

Uttalefrist er satt til 10. april 2024

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Rune Helland
Rådgjevar plan

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.